

## Notat

Dato:  
Arkivsak: -  
Saksbehandlar:

---

Til: Stortinget sin Kommunal- og forvaltingskomite

---

Frå: Vestland fylkeskommune

---

### St.prp 1 (2019-2020) Statsbudsjettet – Innspel frå Vestland fylkekommune

Regjeringa sitt statsbudsjettet for 2020 har nokre positive element for Vestland fylkeskommune. Vi vil likevel peike på utfordringar Vestland fylkeskommune har ved oppstart av den nye fylkeskommunen.

#### Frie inntekter

Frie inntekter fordelt gjennom inntektssystemet er den viktigaste inntektskjelda for fylkeskommunane. Heile 75 % av inntektene kjem gjennom dei frie inntektene. Utviklinga i desse inntektene er dermed viktig for det økonomiske handlingsrommet. Dei siste åra har fylkeskommunane ikkje hatt vekst i dei frie inntektene. I både statsbudsjetta 2019 og 2020 er det nullvekst i dei frie inntektene. Regjeringa grunnjev nullveksten med den demografiske utviklinga for fylkeskommunane – der særleg aldersgruppa 16-18 år er viktige årskull for kostnaden med drift av vidaregåande skular. Perioden ein no er inne i har nedgang i storleiken på desse årskulla, men alt frå 2021 og åra deretter viser tala igjen vekst i årskulla. Ein ansvarleg arbeidsgjevar og skuleeigar kan ikkje skru av og på talet på undervisningspersonell frå eit år til det neste. Nullvekst i dei frie inntektene gjer det difor vanskeleg å oppretthalde den fylkeskommunale drifta når effekten av dei demografiske endringane ikkje kan hentast ut.

Nullvekst i frie inntekter er heller ikkje noko signal om at regjeringa vil gje dei nye fylkeskommunane økonomisk drahjelp for å sikre at regjeringa sin regionreform skal få ein god start.

#### Særleg tilskot til klimasatsing

Vestland fylkeskommune tek eit stort klimaansvar frå 2020 ved å innføre låg- og nullutsleppsteknologi for heile ferjeflåten i tidlegare Hordaland og elektrifisering av ein stor del av busstilbodet i Bergen kommune.

Heller ikkje i statsbudsjettet for 2020 finn ein spor av at denne store klimasatsinga er registert på regjeringshald. Elektrifiseringa av ferjeflåten har ein meirkostnad på om lag 380 mill. kr frå 2019 til 2020 og med nullvekst i frie inntekter, ref. ovanfor, seier det seg sjølv at det vert eit tungt løft for Vestland fylkeskommune, utan at sentrale styresmakter i det heile viser økonomisk at ein set pris på satsinga.

Vestland fylkeskommune registrerer at regjeringa har sett av 80 mill. kr innanfor søknadsordninga Klimasats til utvikling av hurtigbåtar med null- og lågutsleppsteknologi. Tiltaket er godt, men langt frå tilstrekkeleg til å finansiere meirkostnadane med den nye teknologien.

### **Vegbruksavgift på biodrivstoff**

Regjeringa foreslår i statsbudsjettet å utvide vegbruksavgifta til å omfatte alt biodrivstoff frå 2020. Avgifta utgjer 3,62 kr/l og for Vestland fylkeskommune fører avgiftsutvidinga til meirkostnader på om lag 30 mill.kr årleg. Avgiftsutvidinga er ikkje kompensert til fylkeskommunane og dermed vert det økonomiske handlingsrommet tilsvarande redusert så lenge det ikkje er vekst i dei samla inntektene.

### **Nye oppgåver til fylkeskommunane**

Ein viktig del av regionreformen er overføring av oppgåver frå stat til fylkeskommunane. I statsbudsjettet er nokre oppgåver overført med tilhøyrande finansiering.

Oppgåver innanfor kultur- og integreringsfeltet der overføringane gjeld kulturminnevernet og integrerings- og mangfaldsområdet, er langt frå er fullfinansierte.

Regjeringa har framleis ikkje ferdigstilt arbeidet med overføringa som gjeld sams vegadministrasjon trass i at det berre er to og ein halv månad att til overføringa skal skje. Forslag om denne overføringa er varsla i ein eigen tilleggsproposisjon i november. Vestland fylkeskommune forventar at staten fullfinansierer denne store og viktige oppgaveoverføringa.

Vestland fylkeskommune har ein krevjande økonomisk situasjon med ei salderingsutfordring i 2020 på rundt MNOK 500. Når nye oppgåver manglar fullfinansiering, blir dette svært utfordrande for fylkeskommunen. Difor kan det ikkje understrekast nok at ved overføring av oppgåver frå statleg til fylkeskommunalt nivå, må fullfinansiering følgja med.